



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
34/2023	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	25.04.2023
23/2023	Kommunestyret	PS	09.05.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA-M70	17/548

SAMARBEIDSAVTALE FOR VEST BRANN- OG REDNINGSREGION KOF

Vedlegg:

Vest brann- og redningsregion KOF - Samarbeidsavtale.PDF
Samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KOF

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for *Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap*.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 34/2023

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune vedtar samarbeidsavtalen for *Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap*.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommune deltar i interkommunalt samarbeid i Vest brann- og redningsregion. I samsvar med ny kommunelov vert samarbeidsforma endra til kommunalt oppgåvefelleskap. Styret i Vest brann- og redningsregion har sendt ny samarbeidsavtale til godkjenning i kommunane.

Bakgrunn for saka

Vest brann- og redningsregion (VBR) som omfattar kommunane Askøy, Austevoll, Bergen,

Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Osterøy, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden ble oppretta som eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova. Etter ny kommunelov frå 2019 skal slike samarbeid endrast til kommunalt oppgåvefelleskap eller interkommunalt selskap. Fristen for omdanning er fire år etter at den nye kommunelova trådde i kraft, det vil sei hausten 2023.

Formelt grunnlag

Kommunelova kap 19

Vurdering og konsekvensar

Årsmøtet i VBR fatta følgande vedtak 27. april 2021:

- 1. Årsmøtet vedtar å omdanne Vest brann- og redningsregion til et interkommunalt oppgåvefelleskap innen 2022.*
- 2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å utarbeide en samarbeidsavtale med utgangspunkt i dagens vedtekter.*
- 3. Samarbeidsavtalen skal legges frem for kommunestyrene i samtlige deltakerkommuner for godkjenning.*

Når det vert oppretta eit kommunalt oppgåvefelleskap, skal det inngåast skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i oppgåvefelleskapet. Vedlagt følger framlegg til samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KOF.

Sekretariatet har innhenta erfaringar frå IUA-samarbeid og ein del andre samarbeidsorgan som er under omdanning til kommunale oppgåvefelleskap. Det er også søkt råd hos KS Advokatene og Kystverket, blant anna for å sikre at samarbeidsavtalen tar tilstrekkeleg omsyn til forskjellen i størrelse på deltakarkommunane.

Styret i Vest brann- og redningsregion KOF behandla forslaget til samarbeidsavtale i møte 16. mars d.å., og fatta samrøystes følgande vedtak:

Styret godkjenner samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion KOF, og ber sekretariatet sende denne til alle deltakerkommunene for godkjenning i kommunestyrene. Mal for saksfremstilling skal legges ved samarbeidsavtalen ved utsendelse til deltakerkommunene for å sikre at det blir fattet likelydende vedtak i alle kommunene

Samarbeidsavtalen trer ikkje i kraft før den er godkjent av kommunestyra i alle deltakarkommunane. Det er ønskeleg at kommunestyra fattar vedtak før sommaren 2023.

Omdanninga av Vest brann- og redningsregion frå eit § 27-samarbeid etter den gamle kommunelova til eit kommunalt oppgåvefelleskap etter den nye kommunelova forventast ikkje å få økonomiske konsekvensar for deltakarkommunane.

Kommunedirektøren rår til at samarbeidsavtalen vert godtkjent slik den ligg føre.